



TYSNES KOMMUNE

Rådhuset

Uggdalsvegen 301

5685 UGGDAL

Handlingsplan for eit aldersvennleg Tysnes

Planperiode 2023 – 2027

Innhald

Handlingsplan for eit aldersvennlig Tysnes	1
Bakgrunn:	3
Innsatsområde 1: Bustad og nærmiljø	6
Innsatsområde 2: Inkludering i arbeid og fritid.....	10
Innsatsområde 3: Aktivitet og fellesskap	12
Innsatsområde 4: Mat, måltid og samfunn	17
Innsatsområde 5: Helsehjelp og samanheng i tenestene	20

Bakgrunn:

Denne handlingsplanen, og dei tiltaka som er teke inn i planen, er eit resultat av [Leve heile livet – strategiplan for Tysnes kommune](#). Strategiplanen for Leve hele livet for Tysnes kommune var i februar 2022 utarbeida med utgangspunkt i Stortingsmeldinga [Leve hele livet – en kvalitetsreform for eldre](#).

Målet med reforma er at eldre skal få fleire gode leveår med god livskvalitet. Dei skal få den helsehjelpa dei har trøng for når dei treng den. Pårørande skal ikkje bli utslitne og tilsette som yt tenester til eldre skal ha eit godt arbeidsmiljø og god kompetanse. Målgruppa for reforma er menneske over 65 år. Reforma rettar seg både mot heimebuande og dei som har trøng for heildøgns omsorg. I dette ligg det at målgruppa har stor variasjon i behov og ønskjer. Reforma er særleg retta mot helse og omsorgssektoren, men alle sektorar og heile samfunnet må medverka for å skape eit meir aldersvennleg samfunn.

Reforma peiker på fem innsatsområde med tilhøyrande utfordringar og forslag til løysing. Løysingane må tilpassast lokale tilhøve, og sjåast i samanheng med dei offentlege tenestene, frivillige og andre aktørar i lokalsamfunnet. Dei fem innsatsområda er:

1. Eit aldersvennleg Noreg
2. Aktivitet og fellesskap
3. Mat og måltid
4. Helsehjelp
5. Samanheng i tenestene

Tysnes kommune sin plan for leve hele livet tek opp innsatsområda som regjeringa har identifisert som viktige satsingsområde for å lukkast for å skape eit aldersvennleg samfunn. Planen skildrar mål og delmål innan dei ulike innsatsområda som skal støtte hovudmålet om at Tysnes er eit aldersvennleg samfunn. Strategiane og måla i planen gjev grunnlaget for utarbeiding av denne handlingsplanen. Slik kan reforma setjast i verk. Eit godt forankra planverk medverkar til ei felles forståing og semje om kva tiltak som skal prioriterast.

Det er ikkje tilført midlar til å gjennomføre planprosessen. Det er signalisert at kommunar som har på plass Plan for leve hele livet vil prioriterast innanfor relevante eksisterande og nye øyremerkja ordningar. Dette handlar om investeringstilskot til nye omsorgsplassar (midlertidig teke ut av statsbudsjettet for 2023), kompetansetilskott og tilskott knytt til friskliv, pårørandestøtte, lindrande behandling med vidare.

Det er mange tiltak som allereie er byrja på, og det er mange tiltak som kan iversetjast utan at det vert tilført midlar. I kommuneplanen sin handlingsdel, økonomiplan og budsjett vil det vere naturleg at kommunestyret integrerer og konkretiserer tiltak som skal gjennomførast i dei kommande åra.

Denne handlingsplanen er meint å syne samanheng mellom reforma og kommunen sitt arbeid med denne. I planen er det prioritert tiltak som stetter måla under dei ulike områda. I handlingsplanen er det berre teke med tiltak som er nye, eller er meint å styrkast og som er prioritert i tidsperioden for handlingsplanen. Dette er gjort for at planen skal vere oversiktleg og tydeleg sette retning for arbeidet, slik at han kan nyttast som ein prioriteringsrettleiar.

I oversynet under har kvart innsatsområde, med hovudmåla fått tilhøyrande tiltak som er tenkt å medverka til å nå målet. Det er skissert ansvar, handling og tidspunkt for oppstart og gjennomføring. Handlingsplanen har ein varigheit på fire år, og skal rulleraast innan to år.



Innsatsområde 1: Bustad og nærmiljø

Tysnes kommune skal sikre at eldre får høve til å bu så lenge som mogleg i eigen bustad, eller i tilpassa aldersbustader som gjev god inkludering, fellesskap, samfunnssdeltaking og tilgang på attraktive nærmiljø.

Følgjande delmål skal vera styrande for vidare arbeid med handlingsprogrammet:

1. Tysnes kommune skal i planlegging av nye utbyggingsområde vurdera særskilte krav for å sikra attraktive seniorbustader.
2. Tysnes kommune skal i samarbeid og gjennom informasjon og rettleiing til private aktørar medverka til at det vert etablert bustadkonsept som ivaretake eldre si trond for tryggleik, fellesskap og sosial aktivitet.
3. Tysnes kommune skal i si tenesteutvikling arbeida for å sikra tilgang til tilpassa bustader for eldre som understøttar ulike behov i ulike livsfasar.
4. Tysnes kommune skal tilby tenester i heimen for å sikra at den einskilde i størst mogleg grad får høve til å oppretthalde evna til eigen omsorg.
5. Tysnes kommune skal sikre tilgang til universelt utforma turstigar og nærmiljøanlegg som kan nyttast av alle generasjonar.

Tiltak og praktisk gjennomføring	Ansvar, økonomi og tidsrom	Forventa resultat
<p><i>1: Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne skal involverast og medverke i planprosessar ved planlegging, utforming og bygging av bustad-, og nærmiljøområder.</i></p> <p>Rådet skal høyrast og få høve til å uttala seg om konsekvensar for eit aldersvenleg samfunn. Uttale og medverknad skal synleggjerast i handsaminga av alle planar.</p>	<p>Rådmannen har ansvar for oppstart mars 2022. Tiltaket skal gjennomførast i heile planperioden Tiltaket krev ikkje finansiering</p>	<p>Tiltaket skal svare opp delmål 1, 3 og 5, samt påverke delmål 4</p>

<p><i>2. Representant for eldre i plansakar:</i></p> <p>Det skal utnemnast ein representant for eldre i plansakar, etter mal for barnas representant for å sikre at vi får med vurderingane i alle planar.</p>	<p>Rådmannen har ansvar for at det vert oppnemt representant.</p> <p>Tiltaket krev ikkje finansiering.</p> <p>Tiltaket skal gjennomførast i heile planperioden</p>	<p>Tiltaket skal svare opp delmål 1, 3 og 5, samt påverke delmål 4</p>
<p><i>3: Deltaking i nettverk for aldersvennlege samfunn:</i></p> <p>Tysnes kommune skal delta i <u>nettverk for aldersvennlege samfunn</u></p>	<p>Kommunalsjef for helse og omsorg har ansvar for å melde kommunen inn som deltakar til Senteret for et aldersvennleg samfunn, innan mars 2022. Deltaking skal vere i heile planperioden. Utgifter til deltaking dekkjast av eksisterande kurs/godtgjerslebudsjett.</p>	<p>Tiltaket skal sikre kompetanse innan plan, uteområde og universell utforming, medverknad og kommunikasjon, bustad, transport og Samfunnsdeltaking.</p> <p>Tiltaket stetter hovudmåla innan bustad, nærmiljø , inkludering og fellesskap.</p>

<p><i>4: Bustadsosial handlingsplan skal reviderast</i></p>	<p>Rådmannen har ansvar for rullering av planen. Planarbeidet krev ressursar, men kan løysast innan budsjett. Tiltaket skal startast i 2023</p>	<p>Tiltaket stetter delmål 1, 3 og 5, men også det overordna målet i kommuneplanen sin samfunnsdel.</p>
<p><i>5: Nettbasert informasjon om tilrettelegging:</i></p> <p>Tysnes kommune skal utarbeide nettbasert informasjon om moglegheiter for smart planlegging/tilrettelegging for eigen alderdom, både helse og bustad</p>	<p>Kommunikasjonsrådgivar skal saman med tenestene utarbeide lettfatteleg informasjon. Utarbeiding av informasjonsmateriell krev ressursar, men kan løysast innan budsjett. Oppstart mars 2022, og gjennomføring/ferdigstilling innan 2024</p>	<p>Tiltaket stetter delmål 2, og indirekte delmål 4 ved informasjonsspreiing om tenester. Vidare vil det gripe om delmål 3 og 5 under Aktivitet og fellesskap på same indirekte måte.</p>
<p><i>6: Informasjonsmøte 65+</i></p> <p>Tysnes kommune vil vidareføre føremålet med førebyggjande heimebesøk ved å gi informasjon om, og rettleiing på bustadtilpassing og planlegging av eigen alderdom i ein ny form. Det skal vere mogleg å teikne seg på for å få meir tilpassa informasjon, anten i heimen eller ved møte.</p>	<p>Tverrfagleg kommunalt ansvar: Kommunalsjef saman med einingsleiarane og aktuelle aktørar. Oppstart medio 2023, og gjennomføring annakvart år i planperioden.</p> <p>Tiltaket krev ressursar til planlegging og gjennomføring, og ein vil søkje å gjennomføre dette innan budsjettet.</p>	<p>Tiltaket stetter delmål 2 og 4, samt at det indirekte vil femne om informasjonsspreiing av hovudmåla under aktivitet og fellesskap, inkludering i arbeid og fritid og helsehjelp og samanheng i tenestene.</p>

<p><i>7: Trygg veg til og frå omsorgssenteret og omsorgsbustader:</i></p> <p>Sikre trygg veg for gående og syklande frå omsorgssenteret/omsorg+ og ned til eksisterande gang/sykkelveg. Dette gir vidare tilgang til turveg, butikk/post medisinutsal, lege, NAV og andre offentlege tilbod.</p>	<p>Kommunalsjef teknisk har ansvar for gjennomføring.</p> <p>Oppstart 2022 i samband med prosjektert parkeringsplass ved omsorgssenteret.</p> <p>Tiltaket er teke med i investeringsplan for 2022/23</p>	<p>Tiltaket stetter hovudmåla under Bustad og nærmiljø, og inkludering i arbeid og fritid (samfunnsvurdering, tilgang til attraktive nærmiljø).</p>
<p><i>8: Bygging av fleire omsorgsbustader:</i></p> <p>Tysnes kommune skal bygge nye omsorgsbustader – sjølvstendige utleigeleilegheiter i tilknyting til omsorgssenteret/base for open omsorg</p>	<p>Rådmann og kommunalsjefar innan helse og omsorg og teknisk</p> <p>Oppstart 2025 under føresetnad av tilskot frå Husbanken</p> <p>Tiltaket er teke med i investeringsplan</p>	<p>Tiltaket stetter hovudmål, samt delmål 1 og 3.</p>

Innsatsområde 2: Inkludering i arbeid og fritid

Tysnes kommune skal medverka til at eldre vert inkludert i samfunnslivet både i arbeid og fritidssamanheng.

Følgjande delmål skal vera styrande for vidare arbeid med handlingsprogrammet:

1. Tysnes kommune skal medverka til aldersvenleg utforming på både fysiske, sosiale og digitale arenaer.
2. Tysnes kommune skal medverka til at eldre kan komme seg til og frå aktiviteter, og til at dei kan bidra til å hjelpe andre eldre til det same.
3. Tysnes kommune skal arbeide for å sikre god livsfasepolitikk og haldningar i arbeidslivet som stetter eit lengre yrkesliv.
4. Tysnes kommune skal gjennom bruk av tilskot og støtteordninga til friviljuge lag og organisasjonar ha eit særskilt fokus på tiltak for eldre.

Tiltak	Ansvar økonomi og tidsrom	Forventa resultat
<p><i>1: Vurdere seniorpolitikk i arbeidslivet:</i></p> <p>Tysnes kommune skal sjå på eksisterande rutine for livsfasepolitikk, og vurdere/evaluere denne i eit seniorperspektiv (gå gjennom eigen arbeidsgivarpolitikk). Vidare vurdere å søkje samarbeid for arena for seniorpolitikk i arbeidslivet</p>	<p>Personal skal ha ansvar for kartlegging og vurdering.</p> <p>Tiltaket skal gjennomførast innan medio 2024</p> <p>Tiltaket krev ikkje finansiering</p>	<p>Tiltaket skal stette delmål 3, og vil indirekte stette hovudmålet innan aktivitet og fellesskap.</p>
<p><i>2: Vurdere transportordning</i></p> <p>Tysnes kommune skal vurdere løysningar for transport til og frå eksisterande og nye tiltak og</p>	<p>Frivilligsentralen skal kartleggje og sjå på moglegheiter saman med kommunen.</p> <p>Kartlegging av behov og moglegheiter innan september 2023.</p>	<p>Tiltaket er venta å stette delmål 2, og kan påverke delmål 4. Vidare vil det påverke moglegitene for deltaking i</p>

<p>aktivitetar (Torsdagsturar, onsdagstreff, konsert på omsorgssenteret med vidare). Kartlegge behov, sjå på løysningar innan frivilligkeit (rekryttere sjåførar), vurdere faste løysningar, og prøve ut disse.</p>	<p>Utprøving kan gjerast med friviljuge, evt med søknad om tilskot. Det vil krevje noko finansiering, avhengig av kva tiltak ein vil prøve ut, og dette kan vurderast opp imot budsjett 2024.</p>	<p>aktivitetar, som stetter hovudmål under aktivitet og fellesskap.</p>
<p><i>3: Vurdere bruk av digitale verkemiddel:</i></p> <p>Tysnes kommune skal utforske moglegheit for å tilby enkle digitale verkemiddel som ein teneste. Dette kan t.d. vere digitale kommunikasjonseininger som overfører lyd og bilete, og som sikrar brukarar med låg digital kompetanse ein digital kontaktflate.</p>	<p>Rådmannen har ansvar for at utredning vert starta, saman med IKT avdelinga.</p> <p>Kartlegginga skal skje i fyrste del av 2023, utprøving i slutten av 2023, slik at vurderinga kan takast med i budsjett for 2024. Det må vidare gjerast ein økonomisk kost-nytte vurdering før ein bestemmer innføring.</p>	<p>Tiltaket stetter delmål 1, men vil også stette hovudmål under aktivitet og fellesskap (møteplassar for eldre og på tvers av generasjonar, tilgang på aktivitet og fellesskap).</p>
<p><i>4: Kommunale tilskotsordningar i aldersperspektiv:</i></p> <p>Tysnes kommune skal vurdere kommunale tilskotsordningar med særskilt fokus på støtteordningar som stetter hovudmålet om at Tysnes skal vere aldersvenleg.</p>	<p>Ansvar for dette vil vere kulturkonsulent.</p> <p>Tiltaket kan startast opp i januar 2023, og vil ikkje vere avhengig av ny finansiering.</p>	<p>Tiltaket stetter delmål 4, men kan også gi effekt på hovudmål under aktivitet og fellesskap, bustad og nærmiljø og mat og måltid, avhengig av kva søknaden omhandlar.</p>

Innsatsområde 3: Aktivitet og fellesskap

Tysnes kommune vil sikra eldre tilgang på aktivitetar og fellesskap som grunnlag for verdige og gode liv.

Samarbeid med frivillige og nærståande

Tysnes kommune skal sikre at lokalsamfunnet mobiliserer ressursar som verkar til å skape møteplassar for eldre og på tvers av generasjonar.

1. Tysnes kommune skal arbeida for å organisera og styrka frivillig arbeid for, med og av eldre.
2. Tysnes kommune skal samarbeida med nærståande og frivillige for sikra individtilpassa aktivitet og sosialt fellesskap i kvardagen, uavhengig av bu situasjon og funksjonsnivå.
3. Tysnes kommune skal driva eit aktivt informasjonsarbeid med sikte på at eldre sin tilgang til meiningsfull fritid og sosialt fellesskap vert ivareteke.
4. Tysnes kommune skal medverke til å skape gode møteplassar som kan nyttast på tvers av generasjonar og aktivitetar.

Omsorgstenester som stimulerer til aktivitet og fellesskap:

Tysnes kommune skal leggja vekt på å gje tilbod om tenester som stimulerer til aktivitet og fellesskap.

Følgjande delmål skal vera styrande for vidare arbeid med handlingsstrategien:

5. Tysnes kommune skal gje tilbod om trening og aktivitet for eldre til dømes gjennom tiltak som fellestrim i institusjon, hjartetrim og andre typar gruppeaktivitetar.
6. Tysnes kommune skal drive oppsökjande arbeid med sikte på å informere eldre på eit tidleg tidspunkt for å stimulere til gode liv i eigen heim og utvikling av evna til eigenomsorg.
7. Tysnes kommune skal ta i bruk omsorgsteknologi som gjev betre samhandling mellom pårørande, brukarar og tenesteytar.

Tiltak	Ansvar, økonomi og tidsrom	Forventa resultat
<i>1: Rekruttere til frivillig arbeid</i>	Frivilligsentralen skal ha ansvar for å rekruttere Tiltaket skal gjennomførast i heile planperioden Tiltaket krev ikkje finansiering	Tiltaket skal svare opp delmål 1 og 2, og vil stette innsatsområde 2: Inkludering (Tiltak 2)
<i>2: Styrke eksisterande fungerande tiltak</i> som t.d. onsdagstreff, fredagskonsert	Frivilligsentralen, saman med kulturkonsulent, og i samarbeid med eksisterande arenaer. Tiltaket skal gjennomførast i heile planperioden. Tiltaket kan krevje noko finansiering, og me må sjå på moglegheiter for tilskotsfinansiering (sjå tiltak nr 9)	Tiltaket skal svare opp delmål 2 og 4, samst at det heng saman med tiltak 3 og 9)

<p><i>3: Sikre at informasjon om aktivitetar når ut til aktuelle deltagarar:</i></p> <p>Promotere/ nå ut til fleire eldre heimebuande med informasjon om aktuelle aktivitetstiltak/dei tiltaka som styrkast (onsdagstreff, fredagskonsert) – nytte heimeside, avis, nettstad og friskus.com til promotering, gi informasjon direkte til personar i målgruppa.</p>	<p>Ansvaret her må ligge på dei som arrangerer aktivitetane, t.d. Frivilligentralen og alle tenesteytarar og private/lag organisasjonar som arrangerer aktivitetar for eldre og på tvers av aldersgrupper.</p> <p>Tiltaket skal gjennomførast i heile planperioden, og krev ikkje finansiering.</p>	<p>Tiltaket skal svare opp delmål 3, samt stette delmål 2 og fire, vidare vil det stette innsatsområde 2: Inkludering</p>
<p><i>4: Vurdere samlokalisering og sambruk for økonomisk berekraft.</i></p> <p>Vurdere moglegheiter for sambruk for økonomisk berekraft, men også for å legge til rette for gode generasjonstreff. Vurdere møteplassar inne og ute, og møteplassar på tvers av aldersgrupper og målgrupper. Døme på dette kan vere at dagsenter for funksjonshemma drifter grønsaks/urtehage på omsorgssenteret, at barnehage/skule nyttar friluftsområde som er tilrettelagt for både leik og rekreasjon – med aldersvenleg utforming, barnehagar feirer lucia/merkedagar på omsorgssenteret, osb. Vidare at fleire eksterne i målgruppa nyttar seg av tilboda på dagsenteret, babysong, generasjonssong og arrangement</p>	<p>Kommunalsjef for helse og omsorg og kommunalsjef for oppvekst. Samarbeidsprosjekt på tvers av sektorar. Tiltaket krev at det først kartleggjast eksisterande møteplassar, og vidare at me ser på moglegheit for samdrift og møter på tvers av aldersgrupper.</p> <p>Tiltaket skal startast opp medio 2023</p> <p>Tiltaket krev ikkje finansiering, men ressursar til organisering. Det kan vurderast å søkje tilskotsmidlar avhengig av storleik på tiltak.</p>	<p>Tiltaket skal svare opp delmål 4 og 2. Tiltaket kan også påverke tiltak 3</p>

<p><i>5: Styrke eksisterande trimgrupper</i></p> <p>Trim i gruppe for eldre bidreg til å bevare den einskilde sitt funksjonsnivå, me når ut til fleire med færre ressursar og det gir ein sosial møteplass for deltakarane.</p>	<p>Fysio-/ergoterapitenesta</p> <p>Tiltaket er i gang, og skal styrkast i løpet av 2023.</p> <p>Tiltaket finansierast gjennom eigenandel</p>	<p>Tiltaket skal svare opp delmål 5 og vil påverke delmål 4</p>
<p><i>6: Helsestasjon for eldre</i></p> <p>Tysnes kommune skal vurdere om det er føremålstenleg å tilby helsestasjon for eldre. Helsestasjonen kan tilby temakveldar og tenester som allereie vert tilbydd (hørslekontakt, informasjon om tilrettelegging og tenester, individuell kartlegging)</p>	<p>Kommunalsjef saman med einingsleiar helse.</p> <p>Vurdere behov i løpet av 2023.</p> <p>Krev økonomisk finansiering, og må vurderast ut i frå kost/nytte i samband med budsjett for 2024</p>	<p>Tiltaket skal svare opp delmål 3 og 6, samt delmål 1, 2 og 5 innan Innsatsområde 5: Helsehjelp og samanheng i tenestene</p>
<p><i>7: Utarbeide årshjul for aktivitetar</i></p> <p>Årshjul for aktivitetar vil sikre, planlegging, legge til rette for treffpunkt mellom open omsorg, institusjon, kulturkonsulent, brukarrepresentant og frivilligsentral for å auke brukarmedverknad i utforming av aktivitetar og sikre samarbeid og kompetanse i gjennomføringa.</p>	<p>Einingsleiar institusjon, kulturkonsulent og frivilligsentral. Oppstart samarbeid i starten av 2023. Tiltaket krev inga finansiering</p>	<p>Tiltaket skal svare opp delmål 1, 2 og 4.</p>

<p><i>8: Tysnes kommune skal ta i bruk Dighelse</i></p> <p>Med Dighelse kan tenestemottakarar og pårørande ta imot meldingar frå helse- og omsorgstenestene i kommunen, sjå avtaler om heimebesøk, avbestille besøk og få varslar om utførte heimebesøk på SMS eller e-post</p>	<p>Kommunalsjef og einingsleiar for open omsorg skal kartlegge resursbehov for innføring i løpet av 2023. Tiltaket vil krevje finansiering, og må takast med i budsjett for 2024.</p>	<p>Tiltaket skal svare opp delmål 2 og 7.</p> <p>Vidare vil det stette delmål 1 i Innsatsområde 5: Helsehjelp og samanheng i tenestene.</p>
<p><i>9: Tysnes kommune skal undersøke tilskotsmidlar til finansiering av tiltak i handlingsplanen</i></p>	<p>Frivilligentralen og kulturkonsulent</p>	<p>Tiltaket skal stette hovudmålet i innsatsområde 3, men kan også stette gjennomføring av andre planlagde tiltak i handlingsplanen.</p>

Innsatsområde 4: Mat, måltid og samfunn

Tysnes kommune set gode måltidsopplevelingar på dagsordenen, og vil sikre eldre rett ernæring

Tysnes kommune skal arbeida saman med frivillige og næringsliv for å leggja til rette for måltid som ein sosial møteplass av stor verdi.

Følgjande delmål skal vera styrande for vidare arbeid med handlingsstrategien:

1. Tysnes kommune skal førebu og laga mat lokalt for å ivareta lokal mat-tradisjon og berekraftig tenesteproduksjon.
2. Tysnes kommune skal gje tilbod om mat også til heimebuande.
3. Tysnes kommune skal arbeide systematisk med ernæringsarbeid og prioritere kompetanseheving kring dette fagfeltet hjå alle som yt omsorgstenester.
4. Tysnes kommune vil leggje til rette og samarbeide med private, organisasjonar og frivilligsentralen for å medverke til aktivitet med matservering, og legge til rette for gode matopplevelingar.

Tiltak	Ansvar, økonomi og tidsrom	Forventa resultat
--------	----------------------------	-------------------

<p><i>1: Kombinere mat og aktivitet i eksisterande aktivitetstiltak</i></p> <p>Dette krev at det først kartleggjast eksisterande møteplassar.</p> <p>Døme på eksisterande møteplassar er torsdagstur, turlag, aktivitetssenter, bufellesskap, trimgrupper, seniortreff osb.</p>	<p>Ansvar avhenger av utfører.</p> <p>Oppstart med kartlegging mars 2023.</p> <p>Tiltaket krev finansiering ved nye tiltak som ikkje naturleg serverer mat.</p> <p>Alternativ finansiering kan vere sjølvkost av mat ved seniortreff, alternativ finansiering med tilskot, eller at institusjonskjøkkenet lager til enkel mat ved treff/konsertar på omsorgssenteret, i ein periode det likevel skal serverast lunsj/måltid.</p>	<p>Tiltaket skal svare opp delmål 4, og stetter hovudmål i innsatsområde 3, Aktivitet og fellesskap (delmål 2, 4 og 5)</p>
<p><i>2: Tysnes kommune skal sikre systematisk kartlegging av ernæringsstatus hos alle tenestemottakarar:</i></p> <p>Helsetenestene i Tysnes kommune skal sette ernæringsarbeid i system. Alle teneste-mottakarar skal få vurdert sin ernæringsstatus, slik at dei som er i risiko får tilpassa tiltak. Dette førebyggjer feil- og underernæring og sjukdom som følgje av dette. Tiltaket krev at me først kartlegg eksisterande arbeid, og ut i frå dette gjer naudsynte jutteringar. Noverande sakshandsamingssystem fasiliterer kartlegging og registrering av ernæringsstatus hos tenestemottakarane.</p>	<p>Open omsorg og institusjon.</p> <p>Kartlegginga vil starte i 2023. Det kan vere trong for kompetanseheving på området. Dette vil avdekkjast i kartlegginga.</p> <p>Tiltaket kan krevje finansiering dersom det er naudsynt med kompetanseheving.</p>	<p>Tiltaket skal svare opp delmål 3, samt at det svarer opp delmål 1 i Innsatsområde 5: Helsehjelp og samanheng i tenestene</p>
<p><i>3: Tysnes kommune skal sikre bruker-medverknad i mat-tilbodet til eldre</i></p> <p>Brukemedverknad kan skje ved</p>	<p>Kvalitetsrådgivar saman med einingsleiar institusjon</p>	<p>Tiltaket svarar opp hovudmålet for innsatsområdet, samt delmål 1, 3 og 4</p>

<p>brukarundersøking, som også vil auke kunnskapsgrunnlaget for treffsikkerheit i tilbodet kjøkkenet gir.</p>	<p>Planlegging startar opp i mars 2023, og det er eit mål om at brukarundersøking skal vere klart v årsskifte 2023/24, avhengig av omfang og resursbruk.</p>	
<p><i>4: Tysnes kommune skal ha eige institusjonskjøkken</i></p> <p>Tiltaket skal sikre lokal mat-tradisjon, gi berekraftige tenester og sikre bruker-medverknad. Vidare skal institusjonskjøkkenet tene både institusjon og mat til heimebuande tenestemottakarar. Tiltaket er teke med for å sikre vidareføring– utvikling av tenesta.</p>	<p>Kommunalsjef helse og omsorg, saman med einingsleiar for institusjon og open omsorg.</p> <p>Tiltaket er i gang, og utvikling skal skje i medio 2023. Tiltaket krev ikkje ny finansiering.</p>	<p>Tiltaket svarar opp delmål 1 og 2.</p>

Innsatsområde 5: Helsehjelp og samanheng i tenestene

Tysnes kommune vil sikre at eldre opplev samanheng i tenestene og at tenestene er tilpassa deira ønskjer og behov.

Tysnes kommune skal sikre godt pårørandesamarbeid og nytte velferdsteknologiske løysingar som sikrar samhandling og personsentrert omsorg.

Følgjande delmål skal vera styrande for vidare arbeid med handlingsstrategien:

1. Omsorgstenestene skal vidareutvikle kvardagsrehabilitering og meistring, og sikre systematisk kartlegging og oppfølging.
2. Tysnes kommune skal ha proaktive tenester – for tidleg identifisering (heimebesøk)
3. Tysnes kommune skal ha kompetanse for kunne gje alle typar helsehjelp også i høve til lindrande omsorg og omsorg i livet si sluttfase.
4. Tysnes kommune skal følgje nasjonalt program for pasienttryggleik
5. Tysnes kommune skal sikre individuelt tilpassa helsehjelp til rett tid, og nytte omsorgs og velferdsteknologi for å sikre effektiv personsentrert omsorg, og fleksible løysingar for tenestemottakar og deira pårørande.
6. Tysnes kommune vil utgreie moglegheit for primærkontakt for eldre med moderat til stort tenestebehov.
7. Tysnes kommune skal sikre at vurderingar knytt til tenesteutmåling skjer på same måte på tvers av tenestegrensene og at den enkelte sine behov er grunnlaget for tenesteutmåling og ikkje vår kompetanse eller struktur.
8. Tysnes kommune vil greia ut alternative turnusordningar der dette kan gje meir tilpassa tenester.
9. Tysnes kommune vil utarbeide ein eigen strategi for rekruttering av rett fagkompetanse, under dette skal det også vurderast om kompetansen i dag vert utnytta godt nok.

Tiltak	Ansvar, økonomi og tidsrom	Forventa resultat
<p><i>1: Tysnes kommune skal vurdere teknologiske samarbeidsplattformar som betrar informasjonsflyt mellom tenestene, pårørande og tenestemottakarane</i></p> <p>Me skal planlegge innføring av velferdsteknologiske løysningar som gjer at tenestemottakarane kan bu lengst mogleg heime. Eksemplar kan vere medisin dispenserar, digitale tilsyn, digital kommunikasjon</p>	<p>Kommunalsjef og einingsleiarane i helse og omsorg.</p> <p>Nytt tiltak som må vurderast i 2023, oppstart 2024.</p> <p>Økonomisk tiltak ved implementering og innkjøp av velferdsteknologi.</p>	<p>Tiltaket skal svare opp delmål 5, og stetter delmål 2 og 7 innan Innsatsområde 3 (Aktivitet og fellesskap)</p>
<p><i>2: Tysnes kommune skal ha kvardagsrehabilitering som tiltak.</i></p> <p>Kvardagsrehabilitering skal auke livskvalitet og eigenmeistring. Me må vurdere organiseringa av tiltaket, og sjå korleis me best kan utnytte den fagkompetansen en har, og korleis me kan nå ut til tenestemottakarane.</p>	<p>Institusjon, open omsorg, helseavdelinga</p> <p>Tiltaket er delvis i gang, og det er laga plan for rehabilitering og rehabilitering for kommunen. Oppstart mars 2023. Tiltaket kan krevje noko finansiering avhengig av vurderinga. Dette må sjåast i samanheng med budsjett 2024, alternativt tilskotsfinansiering.</p>	<p>Tiltaket skal svare opp delmål 1, 5 og 7, samt påverke delmål 9.</p>
<p><i>3: Tysnes kommune skal utgjere moglegheit for å tilby primærkontakt til tenestemottakarar og pårørande.</i></p> <p>Primærkontakt skal vere fast kontaktperson, og vere den som har best kjennskap til tenestemottakaren.</p>	<p>Einingsleiarane i helse og omsorg</p>	<p>Tiltaket skal svare opp delmål 5 og 6.</p>

<p><i>4: Tysnes kommune skal kartlegge og vurdere tiltak som sikrar pårørandeinvolvering, jf. Regjeringa si pårørendestrategi (lenkje)</i></p>	<p>Kommunalsjef og einingsleiarane i helse og omsorg. Tiltaket skal startast opp i 2023. Avhengig av kartlegging og resultat av vurdering av tiltak vil det gå fram om tiltaket krev finansiering. I så fall må det vurderast tilskotsfinansiering eller vurderast opp i mot budsjett 2024</p>	<p>Tiltaket skal svare opp delmål 1, 2 og 5</p>
<p><i>5: Tysnes kommune skal mobilisere kompetanse, og vurdere organisering og rekrutteringstiltak som sikrar rekruttering til helse og omsorg.</i></p> <p>Eksemplar på kompetansemobilisering og arbeid for å rekruttere/behalde kan vere vidare fokus på heiltidskultur, nærværs –arbeid, organisering og utnytting av kompetanse, vidare å vurdere alternative arbeidsordningar der det er høveleg (tredelt turnus, langvakter, nordsjø-turnus osb.)</p>	<p>Kommunalsjef, einingsleiarane innan helse og omsorg og personal.</p> <p>Tiltaket er påbegynt i 2022, og skal fortsette i 2023. Tiltaket kan krevje økonomisk finansiering avhengig av kompetansebehov og rekrutteringstiltak. Kompetanseheving kan tilskotsfinansierast.</p>	<p>Tiltaket skal svare opp delmål 3, 5, 7, 8 og 9</p>
<p><i>6: Tysnes kommune skal implementere Compilo som avviksprogram, og nytte dette integrert i fagsystemet når dette vert mogleg.</i></p> <p>Innføring av avvikssystemet gir eit system for å kunne gjennomføre forbeteringar og systematisk endre og lage rutinar der det er manglar for dette.</p>	<p>Kommunalsjef for helse og omsorg, saman med einingsleiarane.</p> <p>Tiltaket er påbegynt i 2022, og skal fortsette i 2023. Tiltaket kan krevje økonomisk finansiering ved integrasjon mot fagprogram.</p>	<p>Tiltaket skal svare opp delmål 4</p>